



Fôring av kje og unggeiter

Kurs i geitehelse 20 – 21 november
2006



Mål for fôring første året:

- Godt utvikla og robust dyr v. 1 kjeing
- God tilvekst
- Ynskjeleg vekt v. fyrste kjeing: 40 – 45 kg
- Unngå sjukdomsproblem
- Godt utvikla evne til grovfôropptak

Godt oppal er nøkkelen til robust
mjølkeproduksjon!



Fôring 1. døgn, råmjølk.

- Fjerne kje frå mor umiddelbart
- Over i kassar med varmelampar
- Råmjølk frå mor (eller kuråmjølk) på smokk.flaske første dag.
- Kje fødte på morgon: råmjølk 3 – 4 g første dag
- 2 dl pr. gong
- Kje fødte seint på dag: råmjølk også neste morgon
- Dei fleste kjea får i praksis 0,6 – 0,8 l råmjølk.



Dag 2.

- Direkte over på kald syrna mjølkeerstatning.
- Mjølkeerstatninga skal innehalde råvarer med mjølkeprotein.
- Fri tilgang på mjølkedrikke frå smokkbøtter
- Bingar med 10 -12 kje og 2 smokkbøtter pr. bingje, d.v.s. 2 kje pr. smokk.
- Kjea skal ha drikke heile tida, smokkbøtta skal aldri bli tom for mjølk.



Mjølkefôring

- OBS! Ulike typar smokkar med ulik gummikvalitet og hardhet
- Viktig å bruke mjuke smokkar i starten og harde på slutten av mjølkefôringsperioden.
- Lengde på mjølkefôringsperioden: 5 – 7 veker.
- Kjea skal ha god tilvekst :
geitkje: 170 – 180 g pr. dag
bukkekje: 180 – 200 g pr. dag
fram til 7 – 8 vekers alder.




Syrning av mjølk

- Utfordring å få til god surmjølk!
- Bakteriesyrning:
- Blande pulver i kroppsvart vatn, ikkje for høg temp.
 - Bruke kulturmjølk eller Cultura. (ikkje kefir eller Biola)
 - 1 liter til 30 l blanding
 - Røre godt til pulver er løyst opp
 - Røre i blandinga minst to gonger før det er gått 24 timar.
 - Stå til tjukksyrning ved romtemp., 20 – 25 gr C ideelt.
 - Røre opp blandinga før den blir tømt over i smokkbøtter.



Syrning av mjølk

Temperatur - bakteriesyrning



- Psychrofile arter: 0-20°C - optimum 20°C
- Mesophile arter: 20-45°C - optimum 25-37°C
- Thermophile arter: 45-60°C - optimum 50-55°C

De fleste sjukdomsbakterierne trives også godt ved 20-30 °C

4



Syrning av mjølk

Utrangert melketank som syrningskar



- Syrner med kulturmilk
- Melk syrnes ved 20 °C
- Kjøles ned og lagres ved 10 °C
- Bruker pumpe til å røre
- Pumper melka over til fôringskar via slange
- God lagringsmåte
- God blanding er viktig!
- Får jevn konsistens!
- Stabil pH

8



Syrning av mjølk

Eks på praktisk gjennomføring:

- Bruker skumma kulturmjølk (2 %)
- 25 kg Kalvegodd til 180 liter væske
- Må helst vere god temp i rommet der ein skal syrne
- Syrnar mjølka i fjøsen : brukar glavamatter rundt stampen for å halde på varmen
- Lagrar mjølka i fjøsen - 10 gr C
- Vil bruke opp mjølka i løpet av ei veke
- Mjølka vert surare og surere etter kvart og kjea tek opp mindre ved lengre lagring.
- Brukar ny syrekultur kvar gong for å vere sikker.
- Har prøvd med "kalvedrikkvarmar : NE!! Fungerer dårleg. Ujamm temp.



Syrning av mjølk

Optimale forhold for å få god surning og god kvalitet:

- Eige temperert rom 20 – 25 gr C i 1 – 2 døgn til mjølka er ferdigsyrna
- Kjølig lagring i stabil temperatur, og god opprøring
- I kkje for lang lagringstid , slik at ein unngår for sur mjølk

Får ein til ei optimal syring og lagring i praksis?
Ved problem: Gå gjennom alle forhold ved tillaging , lagring og tildeling av mjølkedrikke!



Syrning av mjølk

Alternativ til bakteriesyrning?

Maursyre:

- Tilsette 0,2 – 0,3 % maursyre til kald mjølk
- Under 15 gr. C ved syring.
- Rør kraftig ved syreinnblandinga
- Syring ved lågare temp. gir tynnare mjølk
- Får pH rundt 4,7, omtrent samme pH som i løpen og som gir god mjølkekoaguleing.



Vatn og salt!

- Fri tilgang på vatn frå dag 1 !
- Temperert vatn
- Fri tilgang på salt

Passe på dette heile inneføringsperioden!



Grovfôr

- Kjea skal ha tilgang til grovfôr frå dag 1
- Fint høy av god kvalitet er det beste
- Høy i fôrhekk plassert litt høgt oppe på veggen, eller korg av netting slik at kjea må stå på bakbeina for å strekke seg opp for å nå det.
- Surfôr : må vere av svært god kvalitet, **smakeløg og god gjæringskvalitet!!!**
- **Alltid god fôringshygiene, vekk med fôr-restar og inn med nytt,friskt fôr.**



Kraftfôr

- Tilgong til kraftfôr frå dag 1.
- Jamn tilgang, og eit reinsleg fôringsopplegg
- Kraftfôr på utsida av bingeveggen slik at dei ikkje trakkar oppi med beina
- "Kraftfôrutomat" festa eit stykke oppe på veggen så dei kan ete litt heile tida.
- Fri og jamn tilgong betre enn få tildelingar der dei ete større mengder på kort tid og enkelte stel frå naboen



Kraftfôr

Kraftfôrtype:

- Kalvepellets fram til 2 veker, deretter **Formel Fiber:** (0,91 Fem pr kg TS, 110 g AAT, 27,3% NDF, kr 2,71/Fem i bulk, kr 3,- i sekk)
- **FORMEL Fiber:** godt fôr til kje, høgt fiberinnhald.
- Kalvepellets: kan godt få dette fram til **beiteslepp** . (0,93 Fem /kg TS, 19,7% NDF, rel. dyrt, kr 3,12 pr. Fem i bulk, 3,45 i sekk)



Kraftfôr

Kraftfôrmengde:

- Fri tilgang i 4 – 5 mnd
- **Forutsetning: GOD GROVFÔRKVALITET OG FRI TILGONG PÅ GROVFÔR HEILE TIDA!**
- For dårleg og varierende grovfôr kvalitet og tilgong kan gi for lite grovfôropptak og for høgt kraftfôropptak -> **enterotoxemi**

Utvikling ved 4 uker



Vornvegg - Utvikling ved 6 uker





Kraftfôr

Praktisk eksempel:

- Kje fødde i midten av januar
- Mjølkefôring i 50 dagar
- Fint høy av god kvalitet frå dag 1
- Fri tilgong på Formel Kalv frå dag 1
- Kraftfôrautomat festa 80 cm oppe på vegg
- Spikra ei lekte 40 cm oppe på veggen so kjea set framfôtene på og strekker seg etter kraftfôret
- Tilgong til godt surfôr nå det nærmar seg slutt på mjølkefôringsperioden



Kraftfôr

Praktisk eks forts:

- Mjølkefôring fram til mars.
- Fri tilgang på kraftfôr fram til beiteslepp i mai
- Taklar fri tilgang fram til 4 – 5 mnd
- Er oppe i ¾ kg kraftfôr v beiteslepp
- Må fylgje med heile tida og begrense kr.fôr hvis kjea får problem .
- Har svært god grovfôrqualität og kjea ete godt med grovfôr.



Kraftfôr

- Fri tilgong forutset rikeleg og godt grovfôr slik at kjea har eit høgt grovfôropptak!
- Har ein ikkje det, må kraftfôrmengde begrensa .
- FORMEL FIBER



Resultat:

Tilvekst:

- Vekt av kja i mai v. beiteslepp: 28 – 29 kg (4 – 5 mnd.)
- Tilvekst pr. dag i gj.snitt: 185 g.



Vaksinering

- 6 – 8 veker: vaksinering mot pulpanyre
- Vaksinering minst 2 veker før ein har planar om å auke kr.fôrmengde eller meir surfôr med høgt næringsinnhald.
- Denne besetninga: vaksinerer mot pulpanyre 2 gonger.
- Planlegg 1. vaksine slik at re-vaksinering etter 6 veker kjem så nær fjell-slepp som mulig.



Fôring på beite

Ulike driftsforhold:

- Kjea vert sleppt til fjells : ingen mulighet for tilleggsfôring med kraftfôr
- Kjea går med mjølkegeitene: mulig å gje kraftfôr i tillegg



Fôring på beite

Om mulig:

- Kan gje 0,2 – 0,4 kg kraftfôr til kjea i beitesesongen
- Vurdere beitekvalitet (tidleg og seint i beitesesongen) og storleik på kjea.



Fôring på beite

Praktisk eks:

- Beiteslepp i midten av mai:
- 2 veker heimebeite: kjea får høy + ca 0,3 kg kraftfôr i tillegg til beite.
- Har bygd opp innreiing ute på beite d.v.s. frontar der kjea kan setjast fast og få kr.fôr og høy.



Fôring på beite

Praktisk eks:

- Slepper til fjells ca 1. juni
- 2 ½ mnd. på fjellbeite
- Heim i midten av august
- Håbeite utover hausten
- **Tørr høy** + kraftfôr i tillegg til håbeite heile tida NB!!
- 0,4 kg FORMEL Geit
- Kjea går ute så lenge som mulig
- Eter meir og meir høy.
- Ved innsett: Gradvis vekk med høy, over på surfôr.
- Kraftfôr : aukar til 0,5 kg fram mot kjeing.

Vekt av åringar i denne besetninga 4 – 6 veker etter kjeing: 45,5 kg



Kje- og oppalsfôring:

- GOD og JAMN fôr kvalitet i alle periodar!
- Så jamne, gode og smertefrie overgongar som mogleg i alle perioder av oppdrettet!
- God fôringshygiene i alle periodar!